

Velkommen

Årsmøte for Vikebygd Grendautval

Org.nr. 911 694 654

Torsdag 5. Januar 2017 på Bygdahuset



Årsmøte 2017

Det blir kalla inn til årsmøte i Vikebygd grendautval

Tid: Torsdag 5. januar kl. 19.00

Stad: Vikebygd Bygdahus

Dagsorden:

1. Opning av møtet og godkjenning av innkalling
2. Val av møteleiar og referent
3. Godkjenning av sakslista

Sakslista:

1. Årsberetning 2016
2. Rekneskap 2016
3. Forslag av saker frå styret
4. Innkomne forslag
5. Val

Forslag som ein vil behandla på årsmøtet må vere styret i hende seinast
28.desember 2016

Forslag kan sendast til post@vikebygd.no eller til

Vikebygd grendautval, Vikevegen 1245, 5568 Vikebygd

Etter årsmøtet vil grendautvalet orientera om saker som gjeld alle i bygda vår.

Vel møtt

Styret

Vikebygd Grendautval vart vinteren 2013 stifta som lag/foreining i Brønnøysund-registeret. Org.nr: 911 694 654.

Nytt styre vart vald etter førre årsmøte 01-12-2015 på Bygdahuset. Styresamansetninga vart sett saman som følgjer:

Leiar: Frantz Lea (1år)

Nestleiar: Solveig Hortman (2år)

Sekretær: Elisabeth Winterhus Juulsrud (2 år)

Kasserar: Even Bjørnevik (1 år)

Styremedlem: Stein Andor Sundve (1 år)

Vara: Ingrid Mathilde Sørvåg (2 år)

Valkomitè: Per Vik (1 år)

Reidun Birkeland Bakkevik (1 år)

Lauritz Bjørnevik (2 år)

Revisorar: Gunnar Birkeland (1 år)

Atle Barane (2 år)

Årsmelding Vikebygd Grendautval 2016

Vikebygd Grendautval har hatt 6 styremøte, vore representert i møte ved frivillighetssentralen, og har, i tillegg til fleire møter med kommunen, delteke på eit felles møte mellom Grendautvala i kommunen og Vindafjord kommune, der blei det bestemt at Kommunen skal ha to møter med Grendautvalet i året med krav til å gjennomføre minimum eit.

Hovudprioritet for Grendautvalet dette året, har vore oppfølging av Kommunen og statens vegvesen for å få utbetringar på Fv734 Vikevegen. I mai 2016 hadde Vindafjord kommune saman med Fylkeskommunen ei synfaring på Vikevegen. Dei ser behovet for sikringstiltak. Statens vegvesen har utarbeida ei moglegheitsstudie Isvik – Vikebygd – Ølensvåg, Statens vegvesen gjer det klart at utbetringane som nemnes her må liggje i prioriteringslista til kommunen før noko skjer. Grendautvalet har sendt innspel på saka til kommunen.

Elles har Grendautvalet jobba med oppretting av lysstolper langs vegen i sentrum, Lys opp vegen til Alna, vikebygd.no , gondolbanens venner forum for kreativ tenking og moglegheitene til å få Tanken til bygda.

I møte med kommunen i mai 2016 vert saka ang Dommersnes diskutert, her kom det i all hovudsak fram at området som er føreslått gjort om til LNF1 område i plan, ikkje kan byggjast på, då dette er meint som skjerming mellom industriområde og busetnaden. Dette er blitt ei aktuell sak, ikkje fordi kommunen ynskjer å redusera industriområdet på Dommersnes spesielt, men kommunen har generelt for mykje areal satt av til industri og husklynger, dette må reduserast. Vidare har kommunen gjort det klart at deira syn på Industriområdet på Dommersnes er at det er spesielt godt egna til industri, grunna gode kaiforhold og område innføre. Styret følger med i utviklinga.

I mars 2015 hadde Grendautvalet eit møte med Tomteselskapet for å få fortgang i salet på tomter, i den samanheng vart det kalla inn til dugnad for å få rydda tomtene på Liofeltet, til tross for godt oppmøte blei ein ikkje ferdig. Difor vart det også i år dugnad i samarbeid med Lio velforening, det vart godt oppmøte frå heile bygda og me fekk rydda det som var planlagt. Takk til Lio vel og alle som stilte til dugnad denne dagen. I samband med dette prosjektet og som ein vidareføring av det Tomteselskapet begynte på med ein bit av Vindafjord, laga Grendautvalet ein foldar for å promotere bygda vår som blei delt ut til så nær som alle bilane som var innom Vikeputten i år.

Som før blei det planta sommarblomar i pottar og tønner rundt omkring i bygda før 17 mai, dette vart skifta ut med vintergrøne vekstar på hausten.

Det er søkt kommunen om å få 30 sone i Plassavegen. Saka er førebels ikkje ferdigbehandla, Grendautvalet har sendt purring.

Nettstaden Vikebygd.no er no oppe å går, det manglar enda noko informasjon frå enkelte, men Stein Andor jobbar med for å få dette på plass etter kvart som informasjonen kjem inn. Det er blitt ein fin nettstad med masse bra informasjon om bygda vår, og talet på besøkande har vert over all forventning.

30.september slutta Rolf Alne som kjøpmann og gav over roret for Vikebygd landhandel (Joker) til Gunn Vikingstad. Gendautvalet, saman med korpset og Vikebuen, laga overraskingstog som gjekk frå bedehuset til butikken. Med banner, hornmusikk, gåve og avskjedstale til Rolf takka Grendautvalet på vegne av bygda for 17 års teneste som kjøpmann. Og ein velkomst og overrekking av blom til Gunn som tok på seg den viktige oppgåva, å sørge for vidare drift av nærbutikken og den viktigaste møteplassen i bygda vår.

Den 18. oktober hadde me eit ope styremøte på Bygdahuset, med føremål å få fleire innspel frå bygda. Dette var ein start på eit Kreativt forum, der ideen er å få ein meir open dialog og flyt i ideane folk i bygda sitt inne med, ei hjelp til få ideane ut og fram i lyset, og forhåpentlegvis få til meir i og for bygda. Styret jobbar vidare med dette forumet og seier seg nøgde med oppmøtet og takkar alle som deltok.

Grendautvalet hadde nokon midlar til overs dette året, og har øyremerka kr 2000,- til projektor på Bygdahuset og kr 8000,- til restaurering av vikestølen.

Som ein kan sjå er det mykje å gripe tak i for det Grendautvalet som no skal konstituera seg.

Status prosjekter 2014-2016

Prosjekt Vossasvingane med g/s:	Pågår
Prosjekt delutbetring av Vikevegen:	Pågår (frå Svendsbø til Vossaplass)
Prosjekt Vossaplass bru:	Ferdig. Bru med autovern på plass
Prosjekt Bryggjebakken:	Ferdig. Grillhytte og Bryggjebakken
Prosjekt lys opp Alnavegen:	Pågår. Søknad sendt
Prosjekt lys Plassavegen v/sjøen	Pågår
Prosjekt trafikksikring Plassavegen	Pågår. Søknad sendt
Prosjekt Informasjon skilt v/Joker	Ferdig www.vikebygd.no
Prosjekt skeive lys stolpane i bygda	Ferdig

Forslag til Handlingsplan for 2017-2019

- Vossasvingane - Gang- og sykkelsti til Vikebygd sentrum
- Vidare arbeid med utbetring av Fv734 Vikevegen (delutbetringar)
- Gang- og sykkelsti frå Vossasvingbrua til Dommersnes m/lyktestolpar
- Oppgradering og skoging rundt Plassaelva (etter avtaler med grunneigarar)
- Gang- og sykkelsti m/lyktestolpar frå Bygdahuset til Kvamme
- Dommersnes Industriområde
- Fleire innbyggjarar (barnefamiliar)
- Reklamere for bygda, og vidare arbeid med nettstaden www.vikebygd.no

Rekneskap Vikebygd Grendautval pr 31.12.2015

Org.nr. 911 694 654 Revidert regnskap

Billag	Dato	Tekst	Inntekt	Utgift	Resultat
	31.12.14	Inngående balanse fra 2014	29.457,67		
300	12.05.15	VAF tilskudd prosjekt 201 «Bryggebakken»	54.000,00		
301	13.05.15	Støtte til Blomsterprosjekt	3.000,00		
302	15.05.15	Støtte til drift av VGU fra VF Kommune	5.000,00		
Årsoppg.	31.12.15	Renter	18,00		
100	11.02.15	Jacob Rødde, møter etc		820,00	
101	11.03.15	Avgift Brønnøysund register		135,00	
102	19.05.15	Byggm.Lauritz Bjørnevik oppføring av Grillhytte		69.575,00	
103	06.05.15	Ødegård Plantesalg Beplanting i bygda		3.000,00	
104	07.05.15	Dugnadsmat i forbindelse med skoging		287,40	
105	09.06.15	Domeneshop		330,00	
106	10.06.15	Joker Vikebygd		418,80	
107	24.06.15	Leige Gamletunet		1300,00	
108	01.11.15	Leige Gamletunet		600,00	
109	13.12.15	Kaffi og Kaker til årsmøtet		1182,50	
Årsoppg.	31.12.15	Betalte omkostninger i år		45,00	
Årsoppg.	01.01.16	Nettgiro med melding		4,00	
		Saldo	91.485,67	77679,70	13787,97

Revidert rekneskap

Inngående balanse frå 2014

Inntekter 2015: Kr 15.505,00 **Utgifter 2015:** kr 77.698,00

Balanse pr 31.12.2015: Kr 13788,00

Even Bjørnevik, Kasserer

Atle Barane, revisor

Gunnar Birkeland, revisor

Rekneskap for Vikebygd Grendautval pr 31.12.16

Org. nr 911 694 654

Bilag	Dato	Tekst	Inntekt	Utgift	Resultat
	31.12.15	Inngående balanse fra 2015	13.787,97		
300	18.05.16	Støtte til drift av VGU fra VF kommune	5.000,00		
301	27.05.16	Støtte til Blomsterprosjekt fra VF kommune	3.276,00		
302	31.12.16	Renter og provisjon bokført i år	7,00		
100	07.02.16	Leie litesalen iforb. med årsmøte		900,00	
101	06.03.16	Domene shop (Web side)		420,00	
102	05.04.16	Blomar utlegg (Solveig Hortman)		239,20	
103	09.05.16	Vikebygd Landhandel styremøte mat		287,40	
104	18.05.16	Utlegg til blomer (Solveig Hortman)		3.276,00	
105	07.07.16	Møte Gamlatunet		600,00	
106	11.10.16	Banner PVC 300x100 cm		628,00	
107	02.11.16	Gaver (utlegg v/Frantz)		945,00	
108	07.11.16	Leie Gamlatunet		300,00	
109	14.11.16	Gave etc. Vikebygd Landhandel		1040,20	
110	31.12.16	Betalte omkostninger i år		36,00	
		Saldo	22.070,97	8671,80	13.999.17

Revidert regnskap pr dd/mm/år

Inngående balanse fra 2015

Inntekter 2016:

Utgifter 2016:

Balanse pr: dd/mm/år :

Even Bjørnevik, kasserer

Atle Barane, revisor

Gunnar Birkeland, revisor

Trykking av årsmeldingen er sponset av:

